



Notat

Emne: Byggesak gbnr 43/9 Toska/Toska campingsenter - Møtereferat

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Tonje Nepstad Epland

Vår referanse: 15/1327 - 15/9658 / Gbnr - 43/9, FA - L42


Dato: 18.08.2015

Til stades: Tiltakshaver Ove Toska, ansvarleg søker Ingeniør K. Dømbe og Radøy kommune v/
Hogne Askeland og Tonje Nepstad Epland

Tema: Søknad om løyve til tiltak og legaisering av utførte tiltak – veg, molo, mudring,
flytebyggje

Planstatus:

Reguleringsplan for Toska campingsenter, planid. 12601998000200.



Det er krav til utbyggingsplan etter reguleringsføresegnene § 6:

Før utbygging må det føreliggja godkjend utbyggingsplan etter plan- og byggingslova §28-2. Utbyggingsplanen må vektleggja minst mogeleg terrenginngrep, og estetisk utforming etter plan- og bygningslova. Endeleg tal på oppstillingsplassar for campingvogner som området kan tola vil bli fastlagd i denne planen. Utbyggingsplanen skal og avklare plassering av pumpehus for avlaupsleidning, og eksakt utsleppstad for avlaupet, like eins plassering av eventuell trafo. Kommunen vil utarbeida nærare retningsliner (vedtekt) til §85 i Pbl. Desse skal og leggjast til grunn for utbyggingsplanen.

Byggesaksstatus:

Det ligg føre søknad om løyve til tiltak mottatt 02.07.2015. Søknaden er mangelfull og er arkivert utan handsaming 11.08.2015.

Deler av tiltaka er utført.

Vegar:

Det er søkt om to vegar. Ein eksisterande veg inngår i søknaden.

Mindre avvik i plassering av vegar kan akseptrast innafor byggeområde, men ikkje i grøntområder.

Flytebryggje:

Eksisterande flytebrygge er ikkje omsøkt og godkjent.

Det fremgår ikkje av reguleringsplanen kva som er arealføremål i sjø. Det er vist flytebryggje med ca 8 plasser i plankartet. Det fremgår ikkje av reguleringsplanen om dette er ein illustrasjon eller juridisk linje. Reguleringsplanen opnar ikkje for tiltak på land i tilknytning til flytebryggja.

Det er søkt om flytebryggje med 96 plassar. Tiltaket må reduserast kraftig. Området og infrastruktur er ikkje tilrettelagt for eit småbåtanlegg av denne storleiken.

Føresegner om parkering i kommuneplan for Radøy kommune skal følgjast, det vil seie 1 parkeringsplass per 4 båtplassar.

Det må leggjast til rette for renvoasjon og sløkkevatn.

Mudring:

Det er opplyst at mudring ikkje er utført. Mudring er søknadspiktig etter forureiningslova. Søknad til Fylkesmannen i Hordaland for opptak av mudder. Søknad til Radøy kommune v/landbrukskontoret for plassering av mudder på land.

Arbeid med mudring må ikkje setjast i gong før det ligg føre løyve frå forureiningsstyresmakta.

Oppsummering

Før det kan sendast inn ny søknad om løyve til tiltak må det utarbeidast situasjonsplan for heile området. Situasjonsplan må stette krav i reguleringsføresegnene § 6. Situasjonsplanen må også vise korleis utførte tiltak held seg til reguleringsplanen. Om utførte tiltak er i tråd med reguleringsplanen vil situasjonsplan og søknad om løyve til tiltak kunne handsamast. Om utførte tiltak ikkje er i tråd med

reguleringsplanen må reguleringsplanen endrast før situasjonsplan og søknad om løyve til tiltak kan handsamast.

Når det gjeld ny søknad om løyve til tiltak vert det vist til kommunen sitt brev av 11.08.2015.

Radøy, 24.08.2015

Tonje Nepstad Epland